

ÅRSMELDING HORDALAND SKIKRETS HOPP/ KOMBINERT 2017/ 18.

Komiteen har vore : Magne Sørestrand,leiar, Odd Rolland, Arnfinn Gjerstad og Finn Jacobsen.

Finn er dommarkontakt .

Styret har hatt eit styremøte og fleire telfonmøte ang trening og terminliste. Komiteen møtest jamleg under alle terminfesta renn. Dei terminfesta renna har gått etter planen med hopp og kombikross på alle renn.

Skidommarlauget fekk ikkje valgt nytt styre og forbundsdommar Finn Jackobsen har fungert som dommarkontakt.

Satsingsområda i sesongen: ☒ Rekruttera nye dommarar ☒ Skipa til gode renn ☒ Auka

Rekrutteringa og Rehabilitera i Bavallen , Framnesbakken og Gul fjellsbakken.

Dommarar: Kretsen har fått med 3 nye kretsdommarar som vert godkjende no i vår.

Renn: Alle renn har vorte skipa til etter planen.

Rekruttering: Vinteren 17 var elendig og Tunåsen hadde ikkje snø i bakkane.

Framnesbakkane blei klar i mars og der vart skipa til to renn, der

Eine rennet var Vestlandske skistemne. Dårlege forhold for rekruttering.

Første rennet 14. januar i år – Framnesbakken hadde 9 deltakarar.

Bulken, Tunåsen hadde så tre renn etterkvarandre med 34 , 39 og 54

Startande. Siste rennet På Framnes hadde 49 startande.

Denne store auken i deltaking kom ved å laga lågterskeltilbod, hopp med valfrie skitypar, velg sjølv bakkestorleik, premie til alle startande i hopp og kombikross.

Ulvik har jobba spesielt godt med rekruttering og hadde 18 deltakarar på Lagsmeisterskapen sin.

Trening: Innetreninga på Bulken skule starta opp seint om hausten med tilbod til alle klubbar rundt Voss. Tunåsen har hatt tilbod om trening 2-3 gonger kvar veke på snø.

Rehabilitering: 4 – 5 pensjonistar har lagt ned 950 dugnadstimar med rehabilitering av Bavallen, Gul fjellsbakken, Framnesbakkane frå mai – desember.

Sportsleg : KM- meistarar: Johan Gjerstad, Knut Røthe Aker, Odin Rong Dyrdal.

Internasjonalt: Sindre Ure Søvnik , Eldar beste nordmann i Coc- 4 pallplassar og
3. plass samanlagt i COC. Dessutan 11. og 15. plass i WC – deltok
i 7 WC renn . Alle plasseringar i kombinert.